

10.02.2011

Det sikraste og første våteiknet!



**Skal vi våge å kalla snøklokkane for både det første og det sikraste våteiknet?**

No er dei i alle fall på gang, fortel Ester Mørstad og peikar langsmed grunnmuren på huset sitt på Eikelandet.

Der er det fleire klaser

med snøklokker som kjem til å springa skikkeleg ut om stutt tid.

Og kommentaren hennar er full av forventning:

- No blømer dei snart!!

Snøklokkene har ofte sprunge ut tidlegare enn i år hos oss,  
seinast i fjor meiner vi å hugse at dei var ute fleire veker før  
Men når dei først kjem, er det ingen tvil: No kjem våren snart!

Kva er det så som gjer at  
den vesle blomen med det stolte latinske namnet Galanthus Rivalis  
er så tidleg ute? Botanikarar som har rede på det peikar på  
at snøklokka har mykje opplagsnæring i lauken sin og at det ikkje  
skal mange plussgrader til før prosessane kjem igang.

På den andre sida er snøklokkene også relativt robuste og kan tåla  
ei frostnatt eller to før dei bukker under.  
Dei er eit standhaftig varsel om vår.....

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen